

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033, HistSak-14/3748  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
186/22	Alver kommunestyre	15.12.2022
034/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

## Spørsmål

### Alver kommunestyre 15.12.2022:

#### Handsaming:

Spørsmåla vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023, samrøystes.

#### KO- 186/22 Vedtak:

Spørsmåla er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023

### Alver kommunestyre 23.02.2023:

#### Handsaming:

##### Spørsmål frå Else Marie Dale-KRF:

Eg har fått opplysningar om at det står fleire omsut +bustader ledige ved Ostertunet.

Ein av bustadane har vore ledig minst i eit halvt år.

Veit at ikkje alle bustadane høver for dei som er demente, men synes det er merkeleg at ingen har hatt bruk for desse i løpet av så lang tid.

Ved å ha dei ståande ledige , tapar kommunen pengar

Har fylgjande spørsmål:

- er det ingen som har hatt trong for desse bustadane i denne tida?
- eller er det trong for rehabilitering som gjer at dei står tomme?

#### Svar frå ordførar:

Det er 28 bustader (leilegheiter) på Ostertunet fordelt på tre bygg. Bustadane er av ulik storleik og standard. Det er berre det eine bygget med 10 bustader som fyller kriteria til standard for alle brukargrupper. Vurdering av kva bygg på Ostertunet brukarar bør få skjer på bakgrunn av brukarane sine hjelpebehov og i samhandling mellom heimetenesta v / Ostertunet og forvaltningskontoret.

**Per 01.12.22** er det 6 bustader som står ledige. 2 av desse bustadene er tildelt i vedtak til brukarar, 1 bustad er ikkje innflyttingsklar og 3 bustader er ledig for innflytting. Brukarar som får tilbod om bustad har frist på 14 dager til å svare om dei tek i mot tilbodet. Det er for tida to personar på venteliste til omsorgsbustad pluss på Ostertunet. Personane venter på leilegheit i den nyaste delen av Ostertunet, kor det for tida ikkje er ledige bustader.

Behovet for omsorgsbustad pluss varierer. I perioder er det fleire brukarar som har behov enn kva det er av ledige bustader. Desse får då plass på venteliste. I andre perioder er det færre brukarar som har behov for omsorgsbustad pluss og då vil det stå ledige bustader.

3 bustader har vore innflyttingsklare sidan juli 2022. Det har ikkje vore aktuelle kandidater til desse ledige bustadene.

**Per 21.02.23** er det 3 bustader som er fråflytta. 2 av desse bustadene er reservert for nye brukarar, medan 1 bustad ikkje er innflyttingsklar enda (vart ledig 02.02.23)

Det er for tida tre personar på venteliste til omsorgsbustad pluss på Ostertunet, der 2 av desse venter på ledig bustad i Eidavegen 512 (kvitt bygg). Det er for tida fullt i Eidavegen 512 ( Kvitt bygg).

**Spørsmål frå Nils Marton Aadland-H:**

Det nye vassbehandlingsanlegget på Hestdal, med ein kostnad på om lag 90 mill. kroner, blei nyleg ferdigstilt. Prosjektet er godt kjent for kommunestyret, ikkje minst grunna den store kostnadsauken i byggjefasen.

Eg har blitt informert om at det er store utfordringar med anlegget, ikkje minst knytt til avlauspumpestasjonen.

Etter det eg kjenner til har anlegget vore stengt i to veker, og etter det eg får opplyst er det trong for ei ny stor investering dersom dette anlegget skal fungere.

Eg vil med bakgrunn i dette be om ei orientering om status for drift av dette anlegget/ avlauspumpestasjonen, og om kommunestyret vil måtte rekna med å løyve ytterlegare midlar til dette prosjektet for at anlegget skal fungere etter intensjonen.

**Svar frå ordførar:**

I økonomiplan for investeringar, vidareført frå gamle Meland kommune til Alver kommune, er det fire prosjekt som heng saman:

- Sjølve vassbehandlingsanlegget ved Hestdal
- VA-anlegg Hestdal – Myrvollane
- VA-anlegg Myrvollane – Moldekleiv
- VA-anlegg Fosse - Moldekleiv

Dei to første anlegga er ferdigstilt. Dei to siste prosjekta skal koordinerast med veganlegget Fosse – Moldekleiv via Nordhordlandspakken. Avlaupsanlegget på Grasdal er ei mellombels løysing, som blir avvikla når heile strekket frå Myrvollane til Moldekleiv, og vidare til Fosse, er bygd ferdig.

Kommuneadministrasjonen opplever ikkje at der er vesenteleg store utfordringar verken med vassforsyningsanlegget eller avlaupsreinsinga. Anlegga som er bygd, både ved Hestdal og ved Grasdal, har vore gjennom normal prøvedrift og normale justeringar – for denne typen komplekse installasjonar. Både driftspersonell, leverandørar og konsulentar har gjort sitt til at anlegga er i orden og virkar som dei skal. Alt for at vassforsyninga ut til innbyggjarane skal vere trygg og sikker, og for å sikre at avlaup ikkje fører til ureining.

Periodevis nedstenging av vassforsyningsanlegg på grunn av nødvendig vedlikehald vil også måtte skje i framtida, dersom kommunen skal ivareta ansvaret for forsyningssikkerheten til innbyggjarane.

Dei andre spørsmåla er utsatt til neste kommunestyremøte.

**KO- 034/23 Vedtak:**

**Vedlegg i saken:**

14.12.2022	spørsmål til ordfører utsatt i KO 15.12.2022	1851539
15.12.2022	Spørsmål N.M.Aadland utsatt i KO 15.12.2022	1852848
16.02.2023	Skriftleg spørsmål til ordfører 23.02.2023	1881951
16.02.2023	skriftlig spørsmål til KO 23.02.2023	1881952
21.02.2023	Grunngjeve spørsmål til ordfører i samband med kommunestyremøte 23.02.2023	1884525
21.02.2023	Grunngitt spørsmål til kommunestyret 20.02.2023	1884648